



**Arkiv:** FA-L13, PLANID-15282022001  
**JournalpostID:** 23/11020  
**Saksbehandlar:** Arild Sunde Rinnan  
**Dato:** 23.08.2023

## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS-36/23	Nærings- og utviklingsutvalet	04.09.2023
PS-82/23	Kommunestyret	06.11.2023

### Detaljregulering fortau Blindheim-Tynes - 2.gongs politisk behandling - Framlegg om eigengodkjenning

#### Kommunedirektørens sitt framlegg til vedtak

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 1.ledd, eigengodkjenner kommunestyret i Sykkylven kommune fremja planforslag, Detaljregulering fortau Blindheim-Tynes (planid 15282022001), jamfør plankart og planomtale sist revidert 23.08.2023 og føresegner sist revidert 22.05.2023.

#### Nærings- og utviklingsutvalet - 36/23

#### **NU - behandling:**

Tilleggspunkt, foreslått av Trond Bonesmo, Høgre

NU vil at ein i prosjekteringsarbeide strekke seg for å unngå å flytte faste installasjonar.

Svein Tore Sørgård bad om å få vurdert habiliteten, som direkte berørt part.

Han vart samrøystes vedteken inhabil.

Arealplanleggar Arild Sunde Rinnan orienterte og svara på spørsmål.

Utvalet drøfta saka.

Ivar Johansen (FRP) la fram følgande forslag til vedtak:

1. Kyrkjevegen 206 beheld innkjørsel /utkjørsel som i dag for å unngå konflikt med annens private veg.
2. Fortau og ekstra areal blir lagt innanfor 4. meter. 2,5 meter breidde som ved fortauets start. Ev. 3 meter fortau og inga grøft. Kommunen skal ikkje krevje flytting av gjerdet til Kyrkjevegen 206.

Høgre la fram følgande forslag til tilleggspunkt:

NU vil at ein i prosjekteringsarbeide strekke seg for å unngå å flytte faste installasjonar.

8 voterande i saka.

#### **Avrøysting:**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak og Ivar Johansen sitt vart sett opp mot kvarandre.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart vedteke med 7 mot 1 røyst.

Forslag til tilleggspunkt vart samrøystes vedteke.

**NUVedtak:****Nærings- og utviklingsutvalet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:**

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 1.ledd, eigengodkjenner kommunestyret i Sykkylven kommune fremja planforslag, Detaljregulering fortau Blindheim-Tynes (planid 15282022001), jamfør plankart og planomtale sist revidert 23.08.2023 og føresegner sist revidert 22.05.2023.

NU vil at ein i prosjekteringsarbeide strekke seg for å unngå å flytte faste installasjonar.

Kommunestyret - 82/23

**KST - behandling:**

Svein Tore Sørsgård bad om å få vurdert habiliteten sin, som direkte berørt part.

Han gjekk frå og Magnar Gjerde tok sete som vara. Sørsgård vart deretter samrøystes vedteken inhabil.

Samrøystes vedtak: Som tilrådinga frå Nærings- og utviklingsutvalet.

**KSTVedtak:**

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 1.ledd, eigengodkjenner kommunestyret i Sykkylven kommune fremja planforslag, Detaljregulering fortau Blindheim-Tynes (planid 15282022001), jamfør plankart og planomtale sist revidert 23.08.2023 og føresegner sist revidert 22.05.2023.

Kommunestyret vil at ein i prosjekteringsarbeide strekke seg for å unngå å flytte faste installasjonar.

**Bakgrunn for saka**

Planforslaget var til 1. gongs politisk behandling i NU-møtet 24.01.2023. Der vart det vedtatt å legge planforslaget ut til 1. gongs høyring og offentleg ettersyn. Merknadsfristen var 15.03.2023. Det kom inn merknader frå 8 partar. 4 offentlege og 4 private.

Merknadane ligg vedlagt saka og er oppsummert/kommentert i dokumentet «Detaljregulering fortau Blindheim-Tynes\_Merknadsvurdering etter 1. gongs høyring og offentleg ettersyn».

Planforslaget var oppe til 2.gongs politisk behandling i NU-møtet 13.06.2023 i sak PS 26/23. Saka vart då utsett. Grunngeving for det var at NU ønska at administrasjonen undersøkte kva som er til hindring for å etablere eit 3 meters bredt fortau også forbi YX Sykkylven/Grebstad bil. NU ser helst at også denne strekkinga har 3 meter bredde på fortauet.

Dette er no undersøkte og planforslaget vert lagt fram til ny 2.gongs politisk behandling med innstilling om å eigengodkjenne reguleringsplanen.

**Saksopplysningar**

Planforslaget er utarbeida av Nordplan AS. Forslagsstillar er Sykkylven kommune.

Formålet med planarbeidet er difor å omregulere dagens regulerte gang- og sykkelveggløysing i "Reguleringsplan for gangveg Klokkehaug-Tynes" frå 1982 til ei mindre arealkrevjande fortausløysing frå krysset ved Tynesvegen til krysset ved Blindheimsvegen. Dermed blir det ein samanhengande gangforbindelse på strekkinga Aure sentrum til Tynes.

*Omtale av planforslaget*

Planområdet strekker seg frå krysset ved Tynesvegen i sør til krysset ved Blindheimsvegen i nord. Det er regulert fortau med 3 meters bredde med tilhøyrande anna vegggrunn på 1,5 meter. Innkøyringa til den sørlege avkøyrsla til YX-stasjonen er stramma opp. Eksisterande avkøyrslar på dette strekket er noko utflytande og er stramma opp for å få desse klarare avgrensa. Frisiktsoner er lagt inn.

Bustadformålet og bensinstasjonformålet som er regulert inn på austsida av fortauet er tatt med for å erstatte dagens reguleringsplan frå 1982 på strekket og få inn byggegrense mot fortauet.

## **Gjennomgang og vurdering av sentrale tema i planprosessen**

### *Bredda på fortau forbi YX Sykkylven/Grebstad bil*

Regulerings-saka vart utsett i NU-møtet 13.06.2023 med bakgrunn i at NU ville ha utgreia kva som var til hindring for at det også her skulle vere 3 meter breidde på fortauet. I planforslaget då var breidda på fortauet 2 meter på denne strekninga. Dette var for å tilpasse seg eksisterande infrastruktur i området, utan at dette var nærare spesifisert.

Nordplan og administrasjonen har gjort undersøkingar om det er infrastruktur som blir liggande på området som kan få konsekvenser for fortausbygginga. Av faste installasjonar som ligg over bakken så blir skiltmast liggande i traseen. Denne må flyttast. I 1997 fekk Hydro Texaco ein midlertidig dispensasjon for bruk og plassering av skiltmast. Det er eit vilkår i dispensasjonen at masta vert flytta utan kostnad for kommunen når gangvegen vert bygd.

I 2000 vart det gjeve dispensasjon på området for bygging av tak over drivstoffpumper og asfaltering og kantstein inntil 1,5 meter frå kant til kommuneveg. I vedtaket står det også at det ikkje skal utførast nye tiltak innanfor gangvegtraseen som gjer seinare etablering av gangveg vanskelig. Arealbehovet for gangveg og grøft er i dispensasjonssaka vurdert til 4,5 meter breidde. Tynes Consult, ansvarleg søker, skriv i søknaden at Grebstad Bil AS får nytte arealet som er avsett til gangveg til gangvegen eventuelt skal knyttast saman med gangvegen på Tynes. Det er i dokumenta ikkje nevnt noko om infrastruktur i bakken som kan få konsekvenser for utbygging av gangveg.

Grøfta som er etablert inn mot kommunevegen har som funksjon å samle opp olje og føre det til ein oljeutskiller. Sjølv oljeutskillaren er det sagt ligg utanfor arealbehovet for gangveg. Kommunen ser for seg at ei grøft med liknande funksjon må etablerast innanfor fortauet som skal etablerast. Dette må sjåast nærare på i prosjekteringa.

Administrasjonen vurderer at det vil vere kurrant å auke breidde på gangvegen frå 2 meter til 3 meter basert på dei nye opplysningane.

### *Gang og sykkelveg vs. fortau*

Statens vegvesen rår i sin merknad til å regulere strekninga som gang- og sykkelveg i staden for fortau som det leggest opp til no. Dette er begrunna med at fortau er ei løysing som i hovudsak er tiltenkt gåande, medan syklande er å sjå på som køyrande og må ferdast i køyrevegen saman med bilistar. Syklande kan likevel ferdast på fortau, men då på gåande sine premisser.

Dei meiner også at det blir eit uheldig kortare systemskifte mellom gang- og sykkelveg nord for Blindheimsvegen og sør for Tynesvegen.

Om ein her skulle hatt den beste løysinga utelukkande for gåande og syklane så ville ei vidareføring av gang- og sykkelvegen vere å anbefale. Hovudgrunnen med reguleringa er få høve til å få ein samanheng mellom fortau frå Tynesvegen og gang- og sykkelveg langs Kyrkjevegen i sør med gang- og sykkelvegen nord for Blindheimsvegen. Ein føresetnad politisk med å ta reguleringsplanen opp til ny vurdering var å få til ei mindre arealkrevjande løysing basert på dialog og tilbakemelding frå grunneigarane i området (NU-vedtak PS 55/21).

Sjølv om det er gang- og sykkelveg langs Kyrkjevegen sør for Tynesvegkrysset, så vurderer kommunen at det her ikkje bli eit markant systemskifte som Statens vegvesen skriv. Langs Tynesvegen er det etablert fortausløysing. Det er å tru at det mykje av persontrafikken på det nye fortauet vil kome frå bustadar som kjem frå Tynesvegen. I ei samla vurdering så har kommunen vurdert at ei fortausløysing vil tilfredsstille tryggleik og behov til både gåande og syklande samstundes som at denne løysinga ikkje blir så arealkrevjande som ein gang- og sykkelveg vil vere.

## Området ved Ulvsbakken


I høyringa er det kome privat merknad knytt til avslutning av fortau mot Ulvsbakken og eksisterande fortau som går langs Tynesvegen. Innsendar meina at siste delen av fortauet på Tynesvegen bør flyttast noko mot aust, hevast og førast saman med Ulvsbakken som eit felles vegstykke forbi eigedomen gnr. 18 bnr.103 (Ulvsbakken 2) der ein får ei utkøyring til Kyrkjevegen. Innsendar meiner at slik fortauet på Tynesvegen no ligg så blir det ei kunstig innsnevring av Kyrkjevegen som blir vidareført i den nye planen. Ved å heve fortauet vil ein gjere nedste delen av Ulvsbakken noko slakare.

Kommunen vurderer at Ulvsbakken er ein relativt bratt bakke som ideelt sett burde vore slakare inn mot Kyrkjevegen. Kommunen ser likevel utfordringa med skissert innsendt løysing. Ein vil få eit stykke av fortauet som også skal nyttast av køyretøy. Noko som ikkje er gunstig for mjuke trafikantar som skal nytte fortauet. Det kan skape farlege situasjonar.

Det vil også vere behov for ei meir arealkrevjande løysing enn innsendar skisserer, for å få ein gunstig vinkel på avkøyrsla til Kyrkjevegen. Ein må ein ha ein kurvatur på vegen som gjer at ein må eit stykke inn i nærliggande eigedom på Ulvsbakken 2. Sjå figur 1. Slik Nordplan viser sponingkurvene her kan ein oppnå ein parallell fortau og vegløysing, som vil vere meir arealkrevjande og gje høgare kostnad ved opparbeiding, men kan gje ei betre avkøyrsla og gradient i nedste del av Ulvsbakken.

Kommunen vurderer at trafikkområde nord og sør for starten av fortauet på Tynesvegen er ganske utflytande. Både med Tynesvegkrysset, busslommene og arealet nord for enden av Ulvsbakken. Eksisterande fortau ved Tynesvegen er med på å avgrense og stramme opp vegbreidda på Kyrkjevegen. Kommunen ønskjer å vidareføre dette i fortausplanen som no skal godkjennast.

Ei samla vurdering er at ein held på løysinga frå 1. gongs høyring og offentlig ettersyn. Fortauet blir avslutta før Ulvsbakken noko meir tilpassa Ulvsbakken enn i opphavleg planforslag. Om politikarane ønskjer å utgreie nærare ei større endring ved Ulvsbakken enn kva som ligg i planforslaget så bør planen sendast tilbake til administrasjonen med føringar.



Figur 1 Spøringsanalyse gjennomført av Nordplan på alternativ avkøyrsløse frå Ulvsbakken til Kyrkjevegen. Ein må også rekne meir areal enn spøringskurvene viser til veg, grøfter og mur/skråningar.

#### *Avkøyrsløse til eigedom gnr.18 gnr.145 (18/145)*

Eigar av eigedom 18/145 har eit ønskje om å ha to direkteavkøyrsløse til sitt område frå Kyrkjevegen. Dette er eit område som er avsett til bustad i kommunedelplanen, men er ikkje regulert. I samtale med grunneigar er dette grunnngjeve med at det er ønskje om å ha tilkomst til begge sider av ei grøft som går gjennom området for å ta ut ved og liknande. Han ser også for seg at desse også kan nyttast som tilkomst når området ein gang skal byggast ut i framtida. Kommunen vurderer at ein ikkje bør ta stilling til kvar dette byggeområdet skal ha sin tilkomst i denne planprosessen. Dette er noko som må vurderast i ein heilheitleg reguleringsprosess for området. Derfor blir det ikkje tatt med inn- og utkøyringspilar i plankartet. Kommunen ser likevel nytta eigar har til å kunne kome seg til området for uttak av ved og liknande fram til området byggast ut. Tilpassingar av fortau for å lette tilkomst og bruk for eigaren av området bør difor sjåast på i prosjekteringa av fortauet.

#### *Erstatning for erverva grunn*

Det har i høyringsrunda kome merknad knytt til forventning til erstatning av grunn som må ervervast av kommune for å realisere fortauet. Dette med erstatning er noko som ikkje blir tatt stilling til i reguleringsprosessen. Her er det dei planmessige høva som blir avklart og vedtatt. Erverv og erstatning for grunn med bakgrunn i reguleringsplan er vanleg å gjennomføre etter reguleringsplanen er vedtatt då ein veit omfanget av ervervet. Dette kan då være ved frivillig avtale, skjønn eller ekspropriasjon

#### **Økonomiske konsekvensar**

Kommunen skal stå for grunnerverv og utbygging av fortauet

Torbjørn Emblem  
kommunedirektør

#### **Vedlegg:**

15282022001- Fortau Blindheim-Tynes - Føresegner rev. 220523

15282022001- Fortau Blindheim-Tynes - Plankart rev. 230823

15282022001- Fortau Blindheim-Tynes - Planomtale rev.230823

Merknad 1. gongs høyring\_ samla

Detaljregulering fortau Blindheim-Tynes\_Merknadsvurdering etter 1. gongs høyring og offentleg ettersyn

15282022001- Risiko- og sårbarheitsanalyse 151222

Avklarings rundt grunnforhold i detaljregulering for fortau Blindheim- Tynes

Dispensasjon plassering skiltmast 22.04.1997

Dispensasjon tak over bensinpumper og asfaltering 23.10.2000

Bilder synfaring XY-stasjon 21.08.2023